

St.prp. nr. 35

(2006–2007)

Om utbygging og finansiering av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem i Oppland

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 2. februar 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av rv 255 frå Jørstad i Lillehammer kommune til Segalstad bru i Gausdal kommune med tilstøytande vegsystem. Prosjektet er føresett finansiert med statlege midlar, bompengar og lokale tilskot. Det er lagt opp til anleggsstart i juni 2007, og prosjektet er planlagt opna for trafikk hausten 2009.

Prosjektet er omtalt i St.prp. nr. 1 (2005-2006), side 125, og i St.prp. nr. 1 (2006-2007), side 78.

2 Omtale av dagens situasjon og utbygginga

Rv 255 mellom Jørstad ved Fåberg kyrkje i Lillehammer kommune og Segalstad bru i Gausdal

kommune er 12,2 km lang, fordelt med 6,4 km i Lillehammer kommune og 5,8 km i Gausdal kommune. Rv 255 er einaste samband til skule, aktivitetar og naboar for mange i området. Vegen er smal og svingete, og det er samanhengande randbusetnad og mange direkte avkøyrslar på strekninga. Med unntak av strekninga gjennom Follebu sentrum og ei kort strekning ved Segalstad bru manglar det gang- og sykkelveg på strekninga. Årsdøgntrafikken (ÅDT) er om lag 4 000 køyretøy, og det er nedsett fartsgrense på størstedelen av strekninga.

På delstrekningane Jørstad – Follebu sør og Aulestad – Segalstad skal rv 255 byggjast om, i all hovudsak langs eksisterande veg. På desse strekningane skal det også byggjast gang- og sykkelveg. Krysset mellom rv 255 og rv 254 skal utbetrast, og det skal byggjast ny bru over elva Gausa ved Segalstad. Gjennom Follebu sentrum (Follebu sør – Aulestad) vil det bli gjennomført trafikktryggleiks-

Tabell 2.1 Anleggskostnader

	Mill. 2006-kr
Delprosjekt	Kostnad
Rv 255 Jørstad – Segalstad bru	203
Fv 315 Lundgård – Brubakken	10
Nytt fylkesvegsamband mellom E6 og fv 312 ved Storhove	25
Bomstasjonar på rv 255 og fv 315	14
Sum	252

krysse Dovrebana på bru og knytast til fv 312 sør for Storhove. Det skal byggjast gang- og sykkelveg gjennom kryssområdet og vidare langs den nye vegen opp til fv 312. Tilkomsten til Storhoveområdet frå rv 255 skjer i dag via E6 og fv 312 frå sør. Det nye sambandet vil korte inn køyrelengda for desse trafikantane med nærare 5 km og betre tilkomsten til nordre del av byen og til høyskuleområdet. I tillegg vil det føre til at det blir samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lillehammer sentrum og Segalstad.

Reguleringsplanane for rv 255 Jørstad – Segalstad bru vart godkjende av Lillehammer og Gausdal kommunar i juni 2005. Planlagt omkøyringsveg forbi Follebu sentrum inngår ikkje i prosjektet, og reguleringsplan for dei føresette tiltaka i sentrum er venta godkjent av Gausdal kommune i februar 2007. Reguleringsplan for utbetringstiltaka på fv 315 er venta godkjent av Lillehammer kommune i februar 2007. Det nye vegsambandet frå E6 til fv 312 ved Storhove er vist i kommunedelplan. Endring av krysset mellom rv 255 og E6 og delar av det nye vegsambandet er innarbeidde i godkjende reguleringsplanar frå 2004 og 2005. Reguleringsplan for resterande del er venta godkjent av Lillehammer kommune i løpet av første halvår 2007.

Samla kostnadsoverslag for utbygginga er rekna til 252 mill. kr. Fordelinga på delprosjekt framgår av tabell 3.1. Dei føresette tiltaka i Follebu sentrum er kostnadsrekna til om lag 10 mill. kr.

Netto nytte (NN) for prosjektet rv 255 Jørstad – Segalstad bru er rekna til om lag – 125 mill. kr med 4,5 pst. kalkulasjonsrente. Netto nytte-/kostnadsforholdet (NN/K) er rekna til – 2,0. I denne berekinga inngår berre dei statlege vedlikehalds- og investeringskostnadane (60 mill.). I eit tilfelle med rein statleg finansiering ville forholdet mellom netto nytte og kostnader ha vore – 0,3.

3 Lokalpolitisk behandling

I samband med behandlinga av Statens vegvesen sitt forslag til handlingsprogram for perioden 2002–2011 gjekk Oppland fylkeskommune inn for delvis bompengefinansiering av E6 gjennom Gudbrandsdalen og rv 255, i første omgang E6 på strekninga Øyer – Tretten og rv 255 på strekninga Fåberg – Segalstad bru. Etter dette er det arbeidd med ulike opplegg for delvis bompengefinansiert utbygging av desse to strekningane.

Gausdal kommune fatta i møte i kommunestyret 27. januar 2005 følgjande vedtak om utbygging og finansiering av rv 255:

1. Gausdal kommunestyre er svært positive til at det er lagt fram ein samla finansieringsplan som gjer det sannsynleg at utbygging av ny rv 255 kan bli realisert i løpet av få år. Kommunen vil berømme næringslivet for stor innsatsvilje ved å setja i gang og reelt gi tilskot til eit spleiselag for å få i gang utbygginga.
2. Kommunen avset kr. 5 millionar på disposisjonsfondet for utbygging av rv 255. Dette finansieres av kommunens eigaruttak frå fusjonsoppgjeret med LGE m.fl. Dersom næringslivet bidrar med meir enn dette vil det bli vurdert å gå inn med tilsvarende beløp.
3. Lillehammer kommune utfordres sterkt til å delta i spleiselaget. Dette er eit felles løft for baa kommunane og av betydning for utviklinga i heile regionen.
4. Det overføres 5 mill kr. fra Kraftfondet til nytt fond benevnt «Rv 255».

Forslag til opplegg for finansiering og utbygging av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegnett vart lagt fram for endeleg lokalpolitisk behandling våren 2005. Gausdal kommune behandla saka i møte i kommunestyret 22. juni 2005 og fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret slutter seg til opplegget for bompengefinansiering av Rv 255 mellom Jørstad og Segalstad bru, kryssløsning med E6 og opptrekksarm fra E6 til fylkesveg 312 ved Storhove.
2. Kommunestyret godkjenner plassering av bomstasjon ved Fåberg kirke, og med innkreving av bompenger etter at strekningen Jørstad – Follebu er bygd.
3. Kommunestyret godkjenner plassering av bomstasjon på Fv 315 ved Lundgård, etter at utbedringstiltak er gjennomført på strekningen.

Lillehammer kommune behandla saka i møte i kommunestyret 22. juni 2005 og fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret slutter seg til opplegget for bompengefinansiering av Rv 255 mellom Jørstad og Segalstad bru, kryssløsning med E6 og opptrekksarm fra E6 til fylkesveg 312 ved Storhove.
2. Kommunestyret godkjenner plasseringa av bomstasjon ved Fåberg kirke.
3. Kommunestyret godkjenner plassering av bomstasjon på Fv 315 ved Lundgård, etter at utbedringstiltak er gjennomført på strekningen.
4. Kommunestyret øremerker kr. 7,0 mill av tidligere avsatte midler i forbindelse med ekstraordinært utbytte som følge av fusjonen mellom LGE, HrE og HEAS til utbyg-

gingsprosjektet. Beløpet er beregnet å komme til utbetaling i 2007.

5. Det er en forutsetning for vedtaket at prosjektet blir fullfinansiert og at de øvrige bidragsyterne bevilger de midler som forutsatt i denne saken.

Oppland fylkeskommune slutta seg til forslaget i møte i fylkestinget 25. oktober 2005. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkestinget tilrår utbygging av rv 255 mellom Jørstad og Segalstad bru, utbedring av fv 315 Lundgård – Brubakken og etablering av ny forbindelse fra E6 til fv 312 ved Storhove til en samlet kostnad på 252 mill. kroner.
2. Utbyggingen tilrås delfinansiert med bompenger i henhold til foreslått finansieringsplan i saksframlegget.
3. Oppland fylkeskommune innarbeider 5 mill. kroner til utbedring av fv 315 Lundgård - Brubakken i handlingsprogrammet for fylkesveger i Oppland 2006 – 2009 med utbetaling i 2008.
Oppland fylkeskommune dekker i tillegg 7 mill. kroner av kostnaden til etablering av forbindelsen mellom E6 og fv 312. I første omgang innarbeides tilskuddet i forslaget til handlingsprogram for fylkesveger i Oppland med utbetaling i 2010.
4. Oppland fylkeskommune danner bompengeselskapet «Gausdalsvegen A/S» med formål å delfinansiere utbyggingen samt administrere en ordning med trafikantbetaling på rv 255 og fv 315. Aksjekapitalen i selskapet settes til kr 100.000, pluss kostnader i forbindelse med stiftelsen av selskapet, kr. 15.000. Kostnaden dekkes av post 700000.14803.100B Tilleggsbevilgninger som reduseres fra kr. 1.300.000,- til kr. 1.185.000,-.
5. Fylkesordføreren gis fullmakt til å stifte/etablere selskapet og godkjenne vedtekter for dette i samsvar med forutsetningene.
6. Fylkestinget tilrår at ordningen med betinget refusjon slik som redegjort for i pkt 3 i saksframlegget, gjøres gjeldende i samsvar med statens retningslinjer. Dette betyr at den betingete refusjonen på inntil 55 mill. kroner eventuelt kommer til utbetaling i årene 2012 og 2013.

Under forutsetning av Kommunal- og regionaldepartementets godkjenning, garanterer Oppland fylkeskommune ved simpel kausjon for bompengeselskapets gjeld. Det samlede garantibeløpet (som tilsvare selskapet samlede gjeld, beregnet ut fra pessimistiske forutsetninger), avgrenses til 230 mill. kroner.

4 Utbyggings- og finansieringsopplegg

Det er lagt opp til anleggsstart på prosjektet rv 255 Jørstad – Segalstad bru i juni 2007, og prosjektet er planlagt opna for trafikk hausten 2009. Utbetringa av fv 315 er føresett gjennomført i 2008, medan bygginga av det nye fylkesvegsambandet mellom E6 og fv 312 ved Storhove er føresett gjennomført i 2009.

Statlege midlar

I tråd med fastsett handlingsprogram for perioden 2006-2009 er det lagt til grunn 42 mill. kr i statlege løyvingar til utbygginga av rv 255.

Bomstasjonsplassering og bompengelopplegg

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt opp til å etablere bomstasjonar på rv 255 ved Fåberg kyrkje og på fv 315 ved Lundgård. Det er lagt til grunn etterskotsinnkrevjing i automatiske, ubemanna bomstasjonar.

Det er føresett takst- og rabattsystem i tråd med gjeldande retningslinjer. Følgjande takstar er lagt til grunn (2006-kr):

- Lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg): 16 kr
- Tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg): 32 kr.

Det er føresett at takstane blir regulerte i samsvar med prisutviklinga. Dersom økonomien i prosjektet blir svakare enn føresett, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auke takstane med inntil 20 pst. og forlenge innkrevjingsperioden med inntil 5 år.

Delar av trafikken som passerer bomstasjonane på rv 255 og fv 315, vil også bruke det nye fylkesvegsambandet mellom E6 og fv 312 ved Storhove. Sambandet vil i tillegg føre til at det blir samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lillehammer sentrum og Segalstad. Etter Vegdirektoratet sitt syn kan det nye fylkesvegsambandet derfor vurderast som del av eit samanhengande transportnett i området. Direktoratet legg vidare vekt på at det er lokalpolitisk tilslutning til det foreslåtte bompengelopplegget og sluttar seg derfor til at sambandet inngår i bompengeprojektet.

Lokale tilskot

Oppland fylkeskommune har innarbeidd 5 mill. kr til utbetring av fv 315 Lundgård – Brubakken i handlingsprogrammet for fylkesvegar i perioden 2006-2009, med utbetaling i 2008. Vidare har fyl-

keskommunen forplikta seg til å dekke 7 mill. kr av kostnadene ved bygging av det nye fylkesvegsambandet mellom E6 og fv 312 ved Storhove, med utbetaling i 2010.

Gausdal og Lillehammer kommunar har sett av høvesvis 5 mill. kr og 7 mill. kr til prosjektet.

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart lagt om frå 1. januar 2004. Stortinget fatta i samband med behandlinga av St.prp. nr. 1 (2003-2004) vedtak om kompenserande tiltak, og etablerte samstundes ei ordning med Næringsretta utviklingstiltak. Midlar frå denne ordninga (DA-midler) skal nyttast på ein måte som gir varige og positive effektar for næringslivet i regionane. Lokalt i denne regionen er det etablert ei samarbeidsgruppe for DA-midlane med representantar for næringslivet i Gausdal, Lillehammer og Øyer. Til saman er det løyvd vel 5 mill. (vel 2,5 mill. i 2004 og 3 mill. i 2005) kr til utbygginga av rv 255.

Forslag til finansieringsplan

Finansieringsplanen som er lagt til grunn er vist i tabell 4.1.

Eventuelle kostnadsoverskridingar skal dekkast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt. Dette prosjektet omfattar eitt riksvegprosjekt og to fylkesvegprosjekt. Dette medfører at kostnadsoverskridingar på inntil 10 pst. på riksvegprosjektet skal dekkast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i finansieringsplanen. Overskridingar ut over 10 pst. er staten sitt ansvar, og skal dekkast innafor investeringsramma til øvrige riksvegar i Oppland. Tilsvarende skal kostnadsoverskridingar på inntil 10 pst. på fylkesvegprosjekta dekkast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i finansieringsplanen. Overskridingar ut over 10 pst. er fylkeskommunen sitt ansvar.

Andre føresetnader for finansieringsplanen

På rv 255 ved Fåberg kyrkje var ÅDT i 2004 om lag 4 200 køyretøy, medan fv 315 hadde ein ÅDT på om lag 300 køyretøy ved Lundgård. Det er rekna med at innføring av bompengeneinnkrevjing vil føre til ein reduksjon i trafikken på om lag 15 pst. Vidare er det lagt til grunn trafikkutvikling i samsvar med prognosane som er utarbeidde for Oppland i samband med Nasjonal transportplan for perioden 2006-2015. Dette medfører ein årleg trafikkvekst på 1,6 pst. i perioden 2006-2011, 1,0 pst. i perioden 2012-2020 og 0,9 pst. etter 2020. Etter dette er det lagt til grunn ein samla ÅDT gjennom dei to bomstasjonssnitt på om lag 4 150 køyretøy i 2009.

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsanalysen:

- Lånerente: 6,5 pst.
- Årleg prisstigning: 2 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader: 4 mill. kr.
- Gjennomsnittleg bompengetakst: om lag 13 kr.

Lånerente på 6,5 pst. føreset at det før anleggsstart ligg føre dokumentasjon frå ein låneinstitusjon om lån innafor denne renta i ein periode på 10-15 år. Med desse basisføresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 15 år.

Det er også rekna på eit alternativ med følgjande pessimistiske føresetnader:

- Kostnadsauke på 10 pst. og bompengeselskapet dekker sin del av auken.
- Ingen årleg trafikkvekst etter 2006.
- Trafikkreduksjonen som følgje av innføring av bompengeneinnkrevjing aukar til 25 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader aukar til 5 mill. kr
- Takstauke på 20 pst. etter to år.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 24 år. I ein slik situasjon vil ordninga med betinga refusjon bli nytta, jf. pkt. 5. Med

Tabell 4.1 Forslag til finansieringsplan

	Mill. 2006-kr		
	2006-2009	2010	Sum
Statlege midlar	42		42
Bompengar	188	-7	181
Tilskot frå Oppland fylkeskommune	5	7	12
Tilskot frå Gausdal kommune	5		5
Tilskot frå Lillehammer kommune	7		7
Lokale tilskot – kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	5		5
Sum	252		252

utbetaling av til saman 25 mill. kr i 2011-2013, er innkrevjingsperioden rekna til om lag 20 år.

5 Fylkeskommunal garanti og betinga refusjon

Som det går fram av pkt. 3 har Oppland fylkeskommune i møte i fylkestinget 25. oktober 2005 fatta vedtak om fylkeskommunal garanti for eit bompengelån på inntil 230 mill. kr. Fylkeskommunen går vidare inn for at ordninga med betinga refusjon kan nyttast for dette prosjektet med inntil 55 mill. kr frå den fylkesfordelte investeringsramma til øvrige riksvegar i Oppland i 2012 og 2013.

Etter gjeldande regelverk skal dei samla refusjonane i utbetalingsåret ikkje overskride 25 pst. av løyvinga til øvrig riksvegnett i det året avtale om forskottering blir inngått. I 2006 er løyvinga til øvrige riksvegar i Oppland 34,5 mill. kr. Dette medfører at den betinga refusjonen ikkje kan overstige 8,5 mill. kr pr. år. Vegdirektoratet tilrår derfor at det blir lagt til grunn ein betinga refusjon på inntil 25 mill. kr i åra 2011, 2012 og 2013. Med dei føresetnadene som er lagt til grunn for det pessimistiske alternativet, er dette tilstrekkelig til å sikre at innkrevjingsperioden ikkje overskrir 20 år.

Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunal- og regionaldepartementet har i brev 11. desember 2006 til Samferdselsdepartementet varsla at når det ligg føre ei stortingsbeslutning som gjev bompengeselskapet fullmakt til å ta opp lån og krevje inn bompengar, vil departementet godkjenne garantien. Garantien vil først komme til utbetaling dersom gjelda ikkje blir mogleg å handtere etter at realtakstane er auka med inntil 20 pst., bompengeperioden er forlenga med inntil 5 år og selskapet si gjeld er redusert med midlane frå den betinga refusjonen.

6 Samferdselsdepartementet si vurdering

Utbetring av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem vil føre til enklare og trygge forhold for alle trafikantgrupper på strekninga. I tillegg vil tilhøva bli betra for dei som er busette i området. Det er stor lokal semje om å prioritere utbetring av rv 255 og delfinansiere utbygginga med bompengar.

Eventuelle kostnadsoverskridingar skal dekast i samsvar med gjeldande retningslinjer for

bompengeprojekt. Dette medfører at overskridingar på inntil 10 pst. på fylkesvegprosjekta skal dekast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i finansieringsplanen. Overskridingar ut over 10 pst. er fylkeskommunen sitt ansvar. Samferdselsdepartementet føreset at Oppland fylkeskommune sluttar seg til eit slikt opplegg før bompengeavtalen blir underskriven og før anleggsstart. Departementet føreset elles at Statens vegvesen vurderer tiltak for å redusere kostnadene dersom det oppstår risiko for kostnadsoverskridingar.

Bygginga av eit nytt fylkesvegsamband mellom E6 og fv 312 ved Storhove er føresett delfinansiert med bompengar frå bomstasjonane på rv 255 og fv 315. Eit slikt opplegg er i utgangspunktet i strid med prinsippet i bompengesaker om at dei som har nytte av eit tiltak også skal bidra til finansieringa. Samferdselsdepartementet er likevel samd med Vegdirektoratet i at det er føremålstenleg at tiltaket inngår i totalprosjektet. Departementet legg særleg vekt på at tiltaket kan vurderast som del av eit samanhengande transportnett i området.

Det er ein føresetnad at bompengeselskapet har ein renteavtale som sikrar eit rentenivå i tråd med det som er lagt til grunn i finansieringsplanen. Samferdselsdepartementet føreset at dokumentasjon for avtale om rentenivået blir sendt Vegdirektoratet før bompengeavtalen blir underskriven.

Samferdselsdepartementet har merka seg at med dei føresetnadene som er lagt til grunn for det pessimistiske alternativet, er ein betinga refusjon på 25 mill. kr tilstrekkeleg til å sikre at innkrevjingsperioden ikkje overskrir 20 år. Departementet føreset derfor at fylkeskommunen sluttar seg til at den betinga refusjonen blir avgrensa til 25 mill. kr, med evt. utbetaling i 2011-2013.

Samferdselsdepartementet har og merka seg at det ikkje føreligg tilstrekkeleg planavklaring på einskilte mindre tiltak i totalprosjektet. Dersom manglande planavklaring fører til endringar i framdrifta i prosjektet, vil Samferdselsdepartementet seinare orientere Stortinget om dette.

7 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om utbygging og finansiering av prosjektet rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utbygging og finansiering av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem i Oppland.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om utbygging og finansiering av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem i Oppland i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om utbygging og finansiering av rv 255 Jørstad – Segalstad bru med tilstøytande vegsystem i Oppland

I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av utbygginga etter vilkåra i denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.
